



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 217/07	Formannskapet	18.12.2007

Ref: 04/1348 -4 Ark. 000
Sakshandsamar: Harald Risnes

Forslag til endringar i kommunelova og forvaltningslova om rolleklarheit m.m. i kommunesektoren. Høyringsfråsegn.

Presentasjon:

Kommunal- og regionaldepartementet arbeider med etikk i kommunesektoren. I det høve er det sendt ut på høyring forslag til lov- og forskriftsendringar. Forslaga er ei oppfølging av ein arbeidsgrupperapport om regelverk for kommunesektoren i eit etisk perspektiv frå mars i 2007 og av diskusjon i Forum for etikk i kommunesektoren.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Kommunallova
- Forvaltningslova

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Samandrag av høyringsnotatat.

Ikkje vedlagt:

- Heile høyringsnotatet.

Saksopplysningar:

Høyringsnotatet som Kommunal- og regionaldepartementet har lagt fram, tek føre seg endringar i både kommunelova og forvaltningslova, og rører mellom anna direkte ved den politiske leiinga si rolle i høve til kommunen sine eigne selskap. Høyringsnotatet som er lagt fram, baserar seg på innspel frå rapporten "Regelverk for kommunesektoren i eit etiske perspektiv". Rapporten vart utarbeidd av ei arbeidsgruppe oppnemnd av Regjeringa sitt etikkutval, og inneber til dels svært kontroversielle og politiske forslag. Forslag som no er lagt fram, kan gje store konsekvensar for kommunane på ei rekkje område. Høyringsfristen er 31.12.07.

Etikkdimensjonen inn i kommunelova.

Departementet ønskjer å utvide føremålsparagrafen i kommunelova til også å omfatte etikkdimensjonen. Dette inneber at kommunen skal rapportere i årsmeldinga om planlagde og gjennomførte tiltak for å sikre høg etisk standard i organisasjonen.

Eigenkontroll i kommunane.

Den som reviderar for kommunen, kan gjevast innsynsrett overfor kommunen sine private utførarar eller andre som har fått tildelt kommunal forvaltning/tenesteproduksjon, dersom det er inngått ei avtale.

Habilitet for leiarar og styremedlemmer og valbarheit for ordførar til styreverv.

Departementet gjer framlegg om å oppheve forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Dette fører til at dagleg leiar og styremedlemmer blir absolutt inhabile når det gjeld saker som vedkjem selskapet når desse skal handsamast i folkevalde organ. Forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e lyder slik: "når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for, et selskap som er part i saken og ikkje helt ut eies av stat eller kommune, eller en foreining, sparebank eller stiftelse som er part i saken."

I tillegg vert det bedt om synspunkt på kor vidt det bør innførast begrensing i valbarheit for ordførar og varaordførar til styret i kommunale selskap.

Valbarheit i kommunale føretak.

Per. i dag er dagleg leiar i føretak, rekneskapsansvarleg og revisjon utelukka frå val til styret i kommunale føretak. Det vert gjort framlegg om at administrasjonssjefen (rådmannen) og stadfortredar i tillegg skal utelukkast frå val til styre i føretaka.

Openheit og lovlegheitskontroll.

Det blir gjort framlegg om at vedtak om å stenge dørene ved møter i folkevalde organ som driv forvaltningsprega verksemd skal kunne lovlegheitskontrollerast dersom 3 eller fleire kommunestyremedlemmer krev det. Tilsvarende gjeld for vedtak kring habilitet. Ved vedtak om stenging av møter og vedtak om habilitet skal det protokollerast kva for heimel vedtaket byggjer på. Dette omfattar ikkje interkommunale selskap og føretak, her varslar departementet at dei vil kome tilbake til spørsmålet på eit seinare tidspunkt. Det vert imidlertid varsla at eit eventuelt tilsvarende tiltak for føretak og interkommunale selskap vil vere mest hensiktsmessig der verksemda er av forvaltningsmessig karakter.

Godtgjersle til styremedlemmer i kommunale føretak og interkommunale selskap.

Departementet gjer framlegg om at kommunestyret fastset godtgjersla for føretaka, medan godtgjersla til styret i interkommunale selskap vert fastsett av representantskapen. I selskapet sitt rekneskap skal det opplysast om ytingar og lån til dei einskilte leiande tilsette og medlemmer i styret. Kravet omfattar alle føretak og interkommunale selskap uavhengig av rekneskapsprinsipp.

Suspensjon av folkevalde ved fusk og uregelmessigheiter ved val.

Det blir gjort framlegg om at straffelova sitt kapittel 10 skal danne grunnlaget for suspensjon av folkevalde. Per. i dag opnar ikkje kommuneloven sine suspensjonsreglar for suspensjon i tilfeller der nokon er tiltalt eller sikta etter straffelovas kapittel 10 som rammar ulike former for fusk og uregelmessigheiter.

I tillegg til det som er nemnt ovanfor vil departementet følgje opp kommunane sin ressursbruk ved kontroll og revisjon i ein KOSTRA-samanheng. Som eit tiltak for å styrke kunnskapen

om kryssubsidiering, er det blitt utvikla vegleiande retningslinjer for å hindre konkurransevridande kryssubsidiering.

Til orientering vert nemnt at KS sitt sentralstyre har gjort følgjande vedtak vedkomande fastsetting av godtgjersle til folkevalde:

”KS er av den oppfatning at kommunestyret/fylkestinget er nærmest til å fastsette form og nivå på egen godtgjørsle så lenge dette foregår i opne prosesser. Dette er lovens ordning jf. Kommune-lovens § 42.

Av hensyn til forutsigbarhet for de folkevalgte kan det være hensiktsmessig at kommunestyret ikkje behandlar sak om godtgjørsle oftare enn ein gang i løpet av perioden. KS anbefalar at ein sak om politikergodtgjørsle bør legges fram i slutten av ein periode.

Etikkutvalgets anbefaling om ikkje å knytte ein automatisk regulering av godtgjørsle til folkevalgte opp mot administrative lederlønningar i eigen organisasjon, oversendes kommunene og fylkeskommunene.”

Vurdering:

Vedkomande dei einskilde punkta nemnde ovanfor.

Etikkdimmensjonen i kommunelova.

Generelt er ein skeptisk til at kommunen vert pålagt særskilte rapporteringskrav. Det er imidlertid viktig å sikre kommunesektoren sitt omdømme.

Eigenkontrollen i kommunane.

Til dette punktet har ein ikkje særskilde kommentarar.

Habilitet for leiarar og styremedlemmer m.m. i offentleg eigde selskap.

Dette spørsmålet er delt i 2. 1) Er eit forslag om å oppheve unntaket i forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e som fører til at dagleg leiar og styremedlemmer blir inhabile når saker som gjeld selskapet skal handsamast i folkevalde organ sjølv om selskapet fullt ut er eigd av stat eller kommune. 2) Her spør departementet om synspunkt på om det bør innførast valbarheitsavgrensingar for ordførar og varaordførar til styret i kommunale selskap.

Gjennom konkurranseutsetting og utskilling av verksamheitsområde i sjølvstendige selskap, har konkurranseflata mellom offentlege og private aktørar blitt større. Dette krev at kommunane er klare på at rollene som bestillar og som leverandør/tilbydar ikkje vert blanda. Desse utviklingstrekk kan tyde på at det i samfunnet har funne stad ei utvikling i retning av større krav til klarheit i roller og tilsvarande skepsis til rollekombinasjonar. Habilitetsreglane skal ikkje berre sikre uparisk avgjerd, men skal og bidra til å oppretthalde ålmenta sin tillit til kommunal og statlege forvaltning. Dette kan tale for at unntaket i forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e vert oppheva.

I bakgrunnsstoffet er spørsmålet teke opp om å innføre reglar om å avgrense valbarheit til ordførar og varaordførar. Rollekombinasjonar som unnataket i forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e opnar for, vil førekome i langt mindre grad dersom ei utelukkar folkevalde frå val til styre. Det er imidlertid etter rådmannen si vurdering ikkje ønskeleg å utelukke alle folkevalde frå å bli valde som styremedlemmer i kommunale selskap. I kombinasjon med annan fagleg bakgrunn kan det vere positivt at folkevalde er med i styrer i interkommunale selskap

og aksjeselskap som kommunen eig eller er medeigar i. Utgangspunktet for alle styreverv bør vere at ein ikkje vert vald i kraft av sin posisjon, men i kraft av sin kompetanse. Oppheving av unntaket i forvaltningslova vil føre til at det gjeld same habilitetsreglar for personar med tilknytning til offentleg eigde som til private selskap.

Eit alternativ til å oppheve heile unntaket, kan vere å vidareføre unnataket berre for selskap som driv næringsverksemd, men dette representerar ei vanskeleg avveging og er såleis ikkje tilrådeleg. Det kan og vere ei mulegheit for å vidareføre unntaket for selskap som berre ein kommune eig. Men dette er heller ikkje tilrådeleg.

Etter rådmannen si vurdering taler det som er nemnt for å oppheve unnataket i forvaltningslova § 6 første ledd bokstave e. Det er derimot ikkje grunn til å innføre valbarheitsavgrensingar. Ei oppheving av unntaket vil føre til at personar med rollekonflikt i større grad vil måtte tre frå som inhabile, dette reduserar tryggen for å utelukke dei same personane gjennom valbarheitsavgrensing.

Det er ikkje føreslege habilitetsreglar for kommunale føretak. Grunngevinga for dette er at kommunale føretak er ein del av kommunen og ikkje eit eige rettssubjekt. Det er ikkje naturleg å ha strengare habilitetsreglar for styret i eit kommunalt føretak enn for andre styrer, utval, nemnder og råd i kommunen.

Framlegget frå departementet inneheld eit tillegg til kommunelova § 65 om samansettinga av styre for eit kommunalt føretak. Etter lovteksten i dag kan ikkje dagleg leiar vere medlem av styret. Endringsforslaget går på eit tillegg der administrasjonssjefen (rådmannen) eller denne sin stadfortredar heller ikkje kan veljast som medlem av styret. Rådmannen har ikkje merknad til dette.

Openheit og lovlegheitskontroll.

Rådmannen har ikkje merknader til forslaget som er skissert.

Godtgjersle til styremedlemer i kommunale føretak og interkommunale selskap.

Rådmannen har ikkje merknader til forslaget som er sett fram.

Vedkomande KS sentralstyre sitt vedtak knytt til godtgjersle til folkevalde er dette i tråd med den praksis Stryn kommune har følgd.

Suspensjon av folkevalde ved fusk og uregelmessigheiter.

Rådmannen har ikkje merknader til forslaget som er skissert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn formannskap sluttar seg til rådmannen si vurdering av Kommunal- og regionaldepartementet sitt forslag til endringar i kommunelova og forvaltningslova om rolleklarheit m.m. i kommunesektoren.

Handsaming i Formannskapet 18.12.2007.

FO-217/07 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.


Harald Risnes

- sekr.-

Utskrift sendt til:

Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunalavdelinga, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo.
KS- Sogn og Fjordane, postboks 321, 6801 Førde.